

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 19.05.2025

Vår ref.: 200901702-57 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om forlengd byggjefrist for Fossdalen kraftverk i Masfjorden kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Småkraft AS om å få forlengt byggjefristen for Fossdalen kraftverk med fem år, til 19.04.2026. Tidlegare eigar Norsk Vannkraft AS fekk konsesjon til å byggje kraftverket den 19.04.2016. Søknaden vert no send på høyring med høyringsfrist 03.07.2025.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein søknad frå Småkraft AS om løyve til å forlengje byggjefristen for Fossdalen kraftverk med fem år, til 19.04.2026.

Søknaden blei opphaveleg sendt inn av Omipower Utvikling AS. Småkraft AS har nå teke over prosjektet og søknaden.

I samband med søknaden om forlengd byggjefrist bad NVE om oppdatert kartlegging av biologisk mangfald i influensområdet til kraftverket. NVE meina at kartlegginga ikkje lenger var tilstrekkeleg til å kunne fatte vedtak. Den opphavelege kartlegginga fylgde ein metodikk frå før 2009. Sidan den gong har NVE revidert rettleiaren for dokumentasjon av biologisk mangfald, og siste reviderte utgåve er rettleiar nr. 6-2018. NVE fekk ny rapport om biologisk mangfald for Fossdalen kraftverk 26.08.2024. Søknaden, saman med oppdatert biologisk mangfaldrapport er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/5747/V.

Det følgjer av vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, elles fell konsesjonen bort. NVE kan forlenge byggjefristen éin gong med inntil fem nye år.

Kva vi ønskjer fråsegn om

NVE skal vurdere om det har komme inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengjast. NVE ønskjer derfor tilbakemelding på om det har oppstått nye forhold sidan saka vart behandla i 2016. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli ramma av saka, slik at dei også kan få høve til å uttale seg. Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/5747/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200901702 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200901702 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er:

03.07.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Kjersti S. Kvie
seniorrådgivar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

MASFJORDEN KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

SMÅKRAFT AS